



Arkivnr: 2015/8955-11

Saksbehandlar: Ruth Ørnholst, Sigrid Furnes, Kari Skibenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Fordeling av støtte til biblioteksprosjekt. Modellbibliotek i Hordaland i 2016

Samandrag

Saka gjeld fordeling av støtte til biblioteksprosjekt i Hordaland. Det er sett av 305.000,- til fordeling i 2016.

Eit av innsatsområda i Regional kulturplan 2015-2025 *Premiss : Kultur* er å gje innbyggjarane i Hordaland tilgang på moderne og attraktive bibliotek. Modellbibliotekprogrammet er eit spleislag mellom kommunar og fylkeskommune og stat. Tiltaket medverkar til utvikling og modernisering av folkebiblioteka i tråd med den nye føremålsparagrafen i biblioteklova.

I det treårige prosjektet *Sterk, spenstig og klar* (2014 – 2016), med til saman 1,8 mill. kroner i statlege utviklingsmidlar, er ein av strategiane å utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek. Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 100.000,- til kvar av dei aktuelle kommunane, jf kap. 400.340 Bibliotekprosjekt, til dette. I 2014 og 2015 er fem kommunar peikte ut til å utvikle modellbibliotek. Strategien har vore så vellukka at fylkesrådmannen har sett det tenleg å utvide programmet i det siste året av prosjektet.

Midlane for 2016 er lyste ut og det er motteke søknad frå fem kommunar. Fylkesrådmannen vurderer at det er gode prosjekt som vil gi lokalbefolkinga tilgang til betre og meir moderne biblioteknester enn i dag, og samtidig bidra til å utvikle biblioteka i dei minste kommunane.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande fordeling av fylkeskommunale midlar til modellbibliotek i 2016:

<i>Søkjar:</i>	<i>Tiltak:</i>	<i>Støtte:</i>
Askøy kommune	Askøy folkebibliotek	Søknaden vert avvist
Eidfjord kommune:	Eidfjord folkebibliotek	kr 100.000,-
Fedje kommune	Fedje folkebibliotek	kr 100.000,-
Fitjar kommune	Fitjar folkebibliotek	kr 100.000,-
Fjell kommune	Fjell folkeboksamling	Avslag
Os kommune	Os folkebibliotek	Avslag

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at prosjekt frå Os folkebibliotek får fagleg hjelp i prosjekt *Sterk, spenstig og klar*.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek at restmidlar på 5.000,- vert ført over til prosjekt *Sterk, spenstig og klar*

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Fylkesrådmannen, 29.12.2015

Bakgrunn

Regional biblioteksutvikling - Sterk, spenstig og klar

Eit av innsatsområda i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 *Premiss: Kultur* er å gje innbyggjarane tilgang til moderne og attraktive bibliotek.

I 2014 løyvde Nasjonalbiblioteket kr 600.000,- statlege midlar til det treårige prosjektet *Sterk, spenstig og klar* under leiing av fylkesbiblioteket i Hordaland fylkeskommune. Prosjektet fekk same løyving i 2015 og Nasjonalbiblioteket har meldt at fylkeskommunen vil få tilsvarande i siste prosjektåret.

Hovudmålsetjinga for prosjektet *Sterk, spenstig og klar* er at innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka i Hordaland skal systematisk og planmessig setjast i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova. Fylkesbiblioteket er den viktigaste kompetanseressursen i utviklingsarbeidet og partnarskapen mellom dei regionale samarbeidsbiblioteka og fylkesbiblioteket skal styrkjast som del av prosjektet. Målet skal nåast gjennom fem strategiar:

1. Utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek – eit i kvar samarbeidsregion.
2. Auke medvit og kunnskap om samlings- og romutvikling, digital kompetanse og arrangørkompetanse hjá alle tilsette i folkebiblioteka.
3. Auke tal på besøk og arrangement i folkebiblioteka.
4. Auke digital formidling og innhaltsproduksjon.
5. Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag.

Prosjektet har hatt god framdrift og gjev også erfaring med framtidige oppgåver for den regionale bibliotektenesta i Hordaland. *Sterk, spenstig og klar* vert styrt i tråd med eigen prosjektplan og det vert utarbeidd og lagt fram rapport når prosjektet er avslutta.

I tråd med strategi ein i prosjektet skal det utviklast modellbibliotek i Hordaland. I både 2014 og 2015 er det gjeve fylkeskommunale løyvingar til dette, jf kap. 400.340 Bibliotekprosjekt. For 2016 er det sett av 305.000,-. Saka gjeld løyving av desse midlane.

Modellbibliotek i 2014 og 2015

Den nye føremålsparagrafen i biblioteklova slår fast at folkebiblioteka skal vere møteplassar og arena for offentleg ordskifte. I kva grad biblioteka er aktuelle og relevante er mellom anna knytt til det fysiske rommet og dei aktivitetane og tilboda som biblioteka kan gje brukarane sine. Ved å gjere bibliotekrommet meir attraktivt og fleksibelt, vil biblioteka i sterkare grad bli i stand til å oppfylle føremålsparagrafen i biblioteklova.

Til grunn for modellbibliotektanken ligg behovet for å utvikle og synleggjere nye tenester og samarbeidsformar, og vere førebilete for andre bibliotek. Modellbibliotekprogrammet er eit spleislag mellom Nasjonalbiblioteket, fylkeskommunen og kommunane. Fylkeskommunen bidreg med kr 100.000,- til inventar. Fylkesbiblioteket er med i prosjektgruppa, rettleiar arbeidet og går gjennom boksamlingane. I tillegg vert det nytta midlar frå prosjektet *Sterk, spenstig og klar* til konsulenthonorar til interiørarkitekt. Det er ein føresetnad at dei kommunane som er med, bidreg med minimum kr 100.000,- til inventar og innreiing.

For å kome raskt i gang med programmet, vart hovudbiblioteka i Lindås og Meland i 2014 plukka ut til å vere modellbibliotek på grunnlag av eit planlagt prosjekt som er kalla *Praksisfellesskap*. Prosjektet har som mål å betre kvaliteten på bibliotektilbodet i dei to kommunane; ved å lage to spesialiserte bibliotek som til saman utgjer eit heile, og ved å gjere biblioteka tilgjengelege for publikum utanom bemanna opningstid, såkalla meiropne bibliotek. Biblioteka skal lanserast under namnet Strilabiblioteket med felles grafisk profil (fargepalett, logo og fontar) og aktivitetsprogram. Det meiropne biblioteket skal opna fredag 18. mars 2016 og 1. september 2016 er det planlagt at Strilabiblioteket skal opnast.

I august 2014 lyste fylkesbiblioteket etter aktuelle modellbibliotek for 2015. Det kom inn 4 søknadar som tilfredsstilte kriteria. Dei fire søkerane var hovudbiblioteket i Sund, Granvin og Fitjar og Langevåg filial på Bømlo. Den økonomiske ramma gjorde at det berre var mogleg å gå inn i tre av prosjekta og Sund, Granvin og Bømlo fekk løyingar i 2015. Det første modellbiblioteket i fylket blei opna i Sund 25.11.2015 av leiar for Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa. Biblioteket i Granvin får nye lokale og blir del av eit kulturbrygg kalla Kulturbanken, som skal opnast våren 2016. Ein ventar også opning av filialen på Bømlo våren 2016. Det komande året vert dermed eit viktig år for biblioteka i Hordaland.

Modellbibliotek i 2016

Utlysing av ordninga med stønad til utvikling av modellbibliotek for 2016 vart gjort i slutten av august 2015. Det kom seks søknadar innan fristen 1. oktober. Alle søkerane har lagt ved garanti om kommunal eigenandel på kr 100.000,-.

Søkjar	Prosjekt	Vurdering/innstilling
1. Askøy folkebibliotek	<p><i>Tiltak:</i> Aktualisere samlingane og gjere plass til arrangement for å gjøre biblioteket meir attraktivt som møteplass.</p>	<p><i>Vurdering:</i> Askøy kommune har brote biblioteklova av di dei ikkje har fagutdanna biblioteksjef. Nasjonalbiblioteket løver ikkje utviklingmidlar til bibliotek som ikkje driv i samsvar med lova. Fordi prosjektet <i>Sterk, spenstig og klar</i> også er støtta av Nasjonalbiblioteket, fyller ikkje søknaden formelle krav og vert avvist.</p> <p><i>Innstilling:</i> Søknaden vert avvist</p>
2. Eidfjord folkebibliotek	<p><i>Tiltak:</i> Flytte biblioteket og å prøve ut nytt samarbeid med tenestetorget for å kunne utvide opningstidene og utvikle nye publikumstenester.</p>	<p><i>Vurdering:</i> Ei samordning med tenestetorget vil føre til ei meir robust publikumsteneste, og tilrettelegging av lokalet vil gjøre kommunen betre i stand til å oppfylle krava i biblioteklova og få utvida opningstider. Eit godt tiltak</p> <p><i>Innstilling:</i> kr 100.000,-</p>
3. Fedje folkebibliotek	<p><i>Tiltak:</i> Tilrettelegge møteplass-funksjonen for barn og unge gjennom å fornye bibliotekrommet og samlinga.</p>	<p><i>Vurdering:</i> Fedje folkebibliotek er tradisjonelt. Det treng fornying, støtte til utvikling av lokale og nye tenester for å møte dei nye krava i biblioteklova. Tiltaket skal løyse desse utfordringane og er fornuftig planlagt.</p> <p><i>Innstilling:</i> kr 100.000,-</p>
4. Fitjar folkebibliotek	<p><i>Tiltak:</i> Prøve ut ein modell for samordning med biblioteket i Fitjar vidaregåande skule, som ligg rett over vegen.</p>	<p><i>Vurdering:</i> Ved forpliktande samarbeid med skulen vil kommunen kunne nytte ressursane betre, noko som kjem alle brukargrupper til gode. Opningstidene kan aukast og samlingane bli meir aktuelle. Lokala vert tilpassa behova til brukarane og vil gje plass til nye oppgåver.</p>

		<i>Innstilling: kr 100.000,-</i>
5. Fjell folkeboksamling	<p><i>Tiltak:</i> Bygge om lesesal til kontorlandskap og tilby nærkortester til lokalbefolkinga.</p>	<p><i>Vurdering:</i> Tiltaket er interessant, men fell utanfor føremålet med programmet for modellbibliotek. Fjell kommune har høve til å søkje eigne utviklingsmidlar hos Nasjonalbiblioteket til dette.</p> <p><i>Innstilling: avslag</i></p>
6. Os folkebibliotek	<p><i>Tiltak:</i> Fornye lokala for betre å legge til rette for arrangement og innføre meirope bibliotek.</p>	<p>Os folkebibliotek har kompetanse og lokale som gjer dei i stand til å oppfylle krava i biblioteklova. I <i>Sterk, spenstig og og klar</i>, jf modellbibliotek-programmet, bør dei få tilbod om kompetanse og konsulenthjelp frå interiørarkitekt, slik at lokala i endå større grad kan leggjast til rette for auka aktivitet.</p> <p><i>Innstilling: avslag</i></p>

Konklusjon

Slik fylkesrådmannen ser det, har modellbibliotekprogrammet vist seg å vere eit veleigna tiltak for å utvikle dei kommunale folkebiblioteka. Kommunane går inn i eit spleislag med fylkeskommunen, som igjen utløyser statlege utviklingsmidlar. Dette medverkar til utvikling og modernisering av folkebiblioteka i tråd med den nye føremålsparagrafen i biblioteklova.

Ein av strategiane i det treårige prosjektet *Sterk, spenstig og klar* (2014 – 2016), er å utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek. Fylkeskommunen har gitt ei løyving på kr 100.000 til kvar kommune, jf kap. 400.340 Bibliotekprosjekt. Strategien har vore så vellukka at ein ønskjer å gå vidare med programmet også i det siste året av prosjektet.

Midlane for 2016 er lyst ut og det er fem aktuelle kandidatar. Fleire av søknadene er gode prosjekt som vil gje lokalbefolkinga tilgang til betre og meir moderne biblioteknester enn dei har i dag. Løyvingane vil føre til eit løft for biblioteka i dei minste kommunane.

Etter fylkesrådmannen si vurdering bør folkebiblioteka i Eidfjord kommune, Fitjar kommune og Fedje kommunar kvar få støtte på kr 100.000 i 2016. Os folkebibliotek bør får tilført kompetanse og interiørkonsulenthjelp gjennom prosjekt *Sterk, spenstig og klar*.